



Starten går for dei yngste

Mildt og disig ver la ingen dempar på stafettmeisterskapen som vart arrangert i Fjellhaugen i dag og som runda av sesongen. Uskedalen Idrettslag stilte med 7 lag av 25 og trass i at det betydde 21 aktive var det fleire vi sakna men som var opptekne på anna hald. Denne gongen vart det ikkje noko stort medaljekupp for UIL men jentene frå 13 til 16 år slo Rosendal og jentene som var 12 år og yngre tok sølv.



Uskedal-veksling ved Torbjørn Haugland og Martin H. Arnesen

Jentelag 13/16 besto av Maren H, Bjørebøle, Ingvill Myklebust og Solveig Haugland og på laget med dei under 12 som kom på andreplassen var Veslemøy Haugland, Hanna Tvilde og Åsne Hjelmeland Arnesen. Her stilte Uskedalen også med eit annetlag som tok tredjeplassen og besto av Silje Soldal, Sunniva Myklebust og Andrea Hjelmeland.



Var Bjørn Olav Tveit frå Uskedalen dagens sveittaste?

I guteklassen for 12-åringar og yngre vart Uskedalen nummer 5 og 6.

Dei 3 på det første laget var Sondre Klyve, Torbjørn Haugland og Martin Hjelmeland Arnesen medan trioen Jostein Soldal, Tørres Myklebust Lekva og Viljar S. tveit stilte på det andre.

UIL hadde eitt lag med i klasse 13/16 og det vart nummer 3. Trioen Johannes



Haugland, Tord Sæle og Sondre Klyve ordna bronseplassen. Endeleg stilte Uskedalen med eit spennande mixlag med Oddmund Soldal, Ingebjørg Haugland og Bjørn Olav Tveit og det vart nummer 4 av 7. Det vart i det heile Rosendal sin store dag, med singlar både i gutar 13/16, damer senior (berre 1 deltakar), jenter 12 år og yngre og gutar 12 år og yngre. Den tekniske avviklinga var det Omvikdalen Idrettslag som tok hand om på rutinert vis, men speakertenesten kunne med fordel ha vore fyldigare.



Slo Rosendal: Maren H, Bjørnebøle, Ingvill Myklebust og Solveig Haugland

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sølv til Veslemøy Haugland, Hana Tvilde og Åsne H. Arnesen